

ERFARINGSSEMINAR OM GRUNNLAG FOR UTVIKLING AV REGIONRÅDA

Scandic Sunnfjord hotell, Førde

Fredag 15. februar 2019

Vi ser eit endra landskap på Vestlandet innan forvaltning, samfunnsliv og næringsliv som følgje av nye samarbeidsformer og fusjonar både innan offentleg verksemd, næringsliv og det sivile samfunn. Dette gir store utfordringar, men òg muligheiter. Det er med bakgrunn i dette vi vil sjå nærmare på grunnlaget og grensene for dagens regionråd.

Dette handlar om regional politikk, partnarskap og samordning i ein region i endring og behov for å tenkje større både med omsyn til bu-, arbeid- og serviceregion, så vel som samferdsle, kulturforståing og politikk. Det er trong for sterkare regional motor for å ta del i veksten på Vestlandet. Tesen vår er at større kommunar vil kunne ta noko av denne rolla, men eit regionråd med endå større nedslagsfelt vil òg kunne vere ein avgjerande aktør her. Samstundes trur vi at rolla som samfunnsutviklar, demokratisk arena, og tenesteprodusent vil bli styrka gjennom eit større regionråd.

Det er med bakgrunn i dette SiS (Samarbeidsforum i Sunnfjord) og HAFS regionråd inviterer til erfaringskonferanse om rolla til regionråda i framtida.

Målgruppe er ordførarar og rådmenn i regionråda i nye Vestland fylkeskommune. I tillegg vil representantar frå fylkesmannen og dei to fylkeskommunane (Vestland fylkeskommune) bli inviterte.

Gunnhild Berge Stang

Leiar HAFS regionråd

Ola Teigen

Leiar SiS regionråd

ERFARINGSSEMINAR OM EIT STØRRE SAMLA REGIONRÅD

Sunnfjord hotell, fredag 15 februar 2019

Kl. 09.00	Velkommen «Regionråda i eit nytt Vestland» v/fylkesordførar i Sogn og Fjordane Jenny Følling
Kl. 09.20	«Utfordringar og muligheiter for regionråda i eit nytt regionalt landskap» v/ Jan Per Styve, tidlegare fylkесdirektør Hordaland fylkeskommune.
Kl. 09.50	«Det regionale Vestland – styrke, svakheit, muligheiter, og truslar - basert på forsking og analyser» v/ Bård Sandal, Direktør for innovasjon og næringsutvikling i Vestland fylkeskommune, og Kathrin Jakobsen, leiar seksjon for forsking, internasjonalisering og analyse, Hordaland fylkeskommune
Kl. 10.20	«Nytt regionalpolitisk landskap – utfordringar og muligheiter for regionråda» v/ Anne Karin Hamre, ekspedisjonssjef, regionalpolitisk avdeling, Kommunal- og moderniseringsdepartementet
	Kaffi
Kl. 11.00	Kva for moglegheiter ser regionråda? (10 minutt innlegg kvar): <ul style="list-style-type: none">○ HAFS Regionråd○ Samarbeidsforum i Sunnfjord (SiS)○ Nordfjordrådet○ Samarbeidsrådet for Sunnhordland○ Hardangerrådet○ Sogn Regionråd○ Nordhordland regionråd○ Regionråd Vest
Kl. 12.30	Lunsj
Kl. 13.30	Debatt med innleiarar og ordførarar – v/ Rolf Sanne Gundersen
Kl. 15.15	Oppsummering v/ leiar i SiS Ola Teigen og leiar i HAFS Gunhild Berge Stang